

## Nynorskprioriteringar i statsbudsjettet 2015

Samrøystes vedtak i møte 16.10.2014

### Nynorskindeksen avslører manglande nynorsksatsing

Mange nasjonale og regionale nynorsktiltak får tilskot over statsbudsjettet. Frå og med 2000 har vi dokumentert kor mykje desse løysingane utgjer i prosent av det samla kulturbudsjettet (frårekna Den norske kyrkja). Aldri var nynorskindeksen lågare enn for 2015:

2000 **3,4**      2005 **3,3**      2010 **3,2**      2015 **2,6**

Løyvinga til nynorsktiltak måtte ha vore 70 mill. kr høgare i 2015 for å vere på nivå med 2010.

### 10,5 millionar til prioriterte tiltak i 2015

		Regjeringa	Vårt framlegg
1	Landssamanslutninga av nynorskkommunar	0	1 800
2	Norsk Ordbok: digitalisering og vidare drift	3 682	+ 4 000
3	Det Norske Teatret	163 760	+ 2 500
4	Nynorsk avissenter	0	2 200

I tillegg strekar vi under at framlegget om kutt i **pressestøtta** må reverserast slik at løyvinga til pressestøtte aukar med 50 mill. kr. Dette vil mellom anna styrkje ei rekkje av dei avisene som fremjar språkleg jamstilling ved å bruke nynorsk på riksdekkjande nivå.

### 1 Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) må inn att i statsbudsjettet

Den språkpolitiske organisasjonen LNK blei skipa i 1993, driv svært billig, har sidan 1995 fått statstilskot, som i 2014 utgjer nær 20 % av inntektene. Av 123 medlemmer er 103 kommunar og fire fylkeskommunar. Berre LNK arbeider systematisk for språkrokt og bruk av nynorsk i offentleg forvaltning på regionalt nivå. LNK driv også gode digitale tenester for unge lesarar – Framtida.no, Magasinet.no og Pirion.no. Det bør løyvast 1,8 mill. kr.

### 2 Norsk Ordbok må førast vidare med mellombels prosjektorganisasjon

Norsk Ordbok er eit av dei fremste vitskaplege ordboksprosjekta i Europa. Band 12 kjem ut våren 2015, og dette er dekt i statsbudsjettet. I spørjetimen 15.10. stadfesta statsråd Widvey at det er viktig å ha ein digital versjon av Norsk Ordbok. Den etablerte prosjektorganisasjonen smuldrar no opp fordi UiO har sagt opp alle tilsette med verknad frå 31.12.2014. Ein mellombels prosjektorganisasjon må etablerast for å sikre at arbeidet held fram med å fulldigitalisere band 1–5 (alle ord frå *a* til *h*) og kontinuerleg oppdatere verket. Dette krev 4 mill. kr ekstra i 2015.

### 3 Det Norske Teatret og Nationaltheatret må jamstillast

I *Budsjettinnst. S nr 12 (1990–91)* heiter det at «Komiteens flertall, alle unntatt Fremskrittspartiet, understreker at Det Norske Teatret og Nationaltheatret er likestilte riksscener.» Særleg etter 2000 har likevel avstanden i løyvingar auka, og for 2015 inneber statsbudsjettet ein skilnad på 24,2 mill. kr. Med eit tillegg til 2,5 mill. kr til Det Norske Teatret får begge teatra same auken i kroner.

### 4 Nynorsk avissenter må få fast offentleg tilskot

Med privat og offentleg finansiering opna Firda Media AS i Førde i 2013 Nynorsk avissenter. Denne effektive og billige opplæringa i moderne avisjournalistikk og nynorsk språkrokt styrker rekrutteringa til 59 nynorskaviser landet rundt med åtte nye nynorskjournalistar i året. Full drift frå og med 2015 kostar 2,8 mill. kr, og Nynorsk avissenter treng 2,2 mill. kr i statstilskot kvart år.